

MUSICA SACRA SOMMARKURS 2025

Onsdag 25.juni- søndag 28.juni var vel 80 deltakarar, musikarar og instruktørar samla til årets sommarkurs i Musica Sacra. Denne gongen vitja Musica Sacra Nordland fylke, og kurset vart arrangert på Vefsn folkehøgskole, også kalla Toppen, i Mosjøen.

Onsdagskvelden fekk vi vårt første kursmøte med den særprega Dolstad kyrkje, ei åttekanta, lafta tømmerkyrkje frå 1734. Dei lokale kantorane, Martha Eleen og Øivind Mikalsen, leia oss gjennom ein salmekveld der salmar frå salmeboka «Noen salmer fra Nord» stod i fokus. Vi fekk aktivt ta del og synge med i både gamle og nye salmeskattar frå nord.

Det er orgelklubb for born under sommarkurset, og dei unge orgelelevane er aktivt med både på konsert og under gudstenesta. Kantor Kristin Eek har vore fast orgellærarar på MS sidan oppstarten av orgelklubbtilbodet i 2015, og frå 2016 har ho hatt dette tilbodet saman med kantor David Scott Hamnes. Under årets sommarkurs hadde dei føredraget: "Actuosam participationem. Aktiv, bevisst og deltagende: Orgelundervisning i kirkens gudstjenesteliv.»

Fredagen reiste vi på utfukt til Alstadhaug der Petter Dass var sokneprest frå 1689 og fram til han døydde i 1707. Under sommarkurset kan dei som vil vere med på gregoriansk tidebøn morgon, middag og kveld. Og middagsbøna denne fredagen vart i Alstadhaug kyrkje, der tidebøna vart leia av barne- og ungdomskoret. Etterpå vandra vi litt rundt på området. Nokon var innom Petter Dass-muséet og prestegarden, og nokon var innom Albrectsenorgelet i Drevja kyrkje på returen. Fjellrekkja «De syv søstre» løynde seg under eit lavt skydekke, noko som gjerne kan inspirere nokon av oss til å ta turen på nytt, og gjerne skyfritt.

Laurdag ettermiddag var vi ein del av «Festspillene i Helgeland» og hadde felleskonsert i Dolstad kyrkje. Ute storma det. Inne i kyrkja fekk vi oppleve og delta i ein konsert som viste spennvidda til Musica Sacra, som dette året var ulike kombinasjonar barne- og ungdomskor, vaksenkor, felleskor, orkester, unge orgelelevar, håndbjelleorkester (dei yngste), brassensemble, blokkfløyteensemble og strykeorkester.

Bestillingsverket 2025, «Fred» av Kjell Mørk Karlsen for kor SATB, barnekor, fløyte og orgel, vart urframført under konserten. Til stor glede for deltakarane var komponisten sjølv tilstades under urframføringa.

Årets Bachkantate var BWV 140; «Wachet auf, ruft uns die Stimme». Kantateorkesteret var samansett av strykeorkesteret, continuo og med blokkfløyter på obostemmene.

Eit sosialt/ musikalsk høgdepunkt på sommarkursa er «Husmus», uhøgtidlege kveldskonserter på folkehøgskulen. Denne gongen fekk vi oppleve ulike fine, rare, seriøse og humoristiske innslag - alt frå vitsar, drama, ad hoc ulike grupper brass, fløyte, vokal, piano (2-6hendig) til bryllaupsdagssong i romantisk framføring frå ekte mann til kone kompa av pop up vocale. Alt på Husmus skjedde under trygg leiding av den unge trioen Jon Peder, Peter og Tale.

Søndag 29.juni avslutta vi sommarkurset ved å feire gudsteneste saman med den lokale kyrkjelyden i Dolstad kyrkje. Her deltok mellom andre det unge håndbjelleorkesteret frå nordre galleri. Og dei fekk avslutte stykket sitt saman med cymbelstjerna frå hovudorglet (Marcussen & søn 2010). Felleskoret deltok med eit par satsar frå kantate BWV 140 og med andregongsframføring av bestillingsverket «Fred». Blokkfløyteensemblet tona frå søndre galleri, barne- og ungdomskoret frå kordøra og orgelelevane deltok heile vegen i gudstenesta på salmar og liturgi, stundom i samspel, stundom solo. Til utgong spelte unge Qinhe Cui eit siste tonalt farvel frå kurset, ei mektig framføring av Jehan Alain sitt « Litanies»

Alle vi som fekk ta del på kurset i Mosjøen rettar ein stor takk til årets dirigentar og lærarar:

Karen Haugom Olsen, domkantor i Nidarosdomen (dirigent for vaksenkoret og felleskoret), Ellinor Grimnes (barne- og ungdomskoret), Britta Schäfer (messingensemblet), Jon Andreas B.Håland (repetitør b&u-koret), Anders Eidsten Dahl (kursorganist/ repetitør vaksenkoret), Kristin Eek og David Scott Hamnes (orgellærarar), Anne Stine Dahl og Jonatan Lilja (strykeorkesteret), Inger

Johanne Østby (blokkfløyteensemblet), Ingrid Elisabeth Berg (sopransolist), Arnfinn Tobiassen (handbjelleorkester) og Arne Martin Aandstad (tidebønleiar),

stor takk til dei lokale kantorane: Martha Eleen og Øivind Mikalsen,

og, ikkje minst, stor takk til årets styre og vara ved leiar Ingunn Aune Steinbakken, Anders Eidsten Dahl, Britta Schäfer, Anne Lise Grøm, Magne Emberland, Ellinor Grimnes og Corinna Stamm.

No ser vi fram til neste års kurs. Flott om du kjem. Kurset har fine verkstader for alle som ønskjer å utøve kyrkjemusikk på tvers av alder og faglege nivå. Kurset er ein liten kyrkjemusikalsk oase, både musikalsk og sosialt. Og kurset eignar seg for alle som er glade i å vere utøvande, syngande og spelande. Invitér gjerne med deg familie, kollegaer, unge- og vaksne koristar, elevar, musikarar, eller andre du trur kunne hatt glede av å vere med. Så møtest vi på Danvik folkehøgskole i Drammen 24.-28.juni 2026.

Jondal 15/8-25,

Anne Karin Stormyr, på vegne av alle oss som fekk vere vanlege kursdeltakarar og som kunne reise heim med ny energi og masse inspirasjon i bagasjen .